Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 80.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skudenes

Emne: Husråd og kj. råd.

Bygdelag. Sandve krins

Oppskr. av: Didrik Mjølhus

Gard: Lie og Mjølhus

(adresse): Sandve.

G.nr. 33 – ~~Br.nr.~~ 34 og – 37 – 36.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. – Etter fru Nille Lie. 85 år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): og eiga røynsle.

SVAR

1. Ikkje her.

2. Dei hadde visst både rette og range opplysningar i så måte. Eg har sett på trykk – i en beretning om Skudenes prestegjeld, som var skreven for 150 – eller 200 år sidan (?) Mange sjukdomar var rekna opp, og imillom dei var tæring som forresten ikkje er smittsom –

Eg kjenner til at det var ein mann som togg einebær (kvakabær) – 1890-åra – Kamferpose på ryggen og ein klut bløytt i kamferolje var også brukt i mi barndomstid, – for forkjøling trur eg! –

3. – I gamle tider hadde dei tru på brennevin som medisin. Eg kjende ei gamall kona på ein gard, som hadde ståande ei flaska brennevin i kvå-skapet sitt, og ho tok ein munnfull ein og annan gong når ho ikkje kjende seg heilt friske. Ho vart ca 93 år gl. – Dette skriv eg ikkje for å agitera for måtehald; for ei dotter ~~~~ som aldri har smakt rusdrikk lever enno – og blir 99 år

15733

om ca ½ år.) –
Mora levde i den tid då dei sa (i ordtaket) „Brennevin og salt er godt for alt." – – Og i ei folt gammall „lægebog" som eg ikkje har lese sjølv, men høyrt sitat av, seier m. a.: „Hvo der tager nogle draaber deraf, fornemmelig hver morgen på fastende hjerte, saa dør mann nasten aldrig," –
og: ~~Dette~~ „Hvo ej kan høre godt, han lade nogle draaber deraf udi sitt øre, saa bliver det straks bedre" (Sitat slutt)
– Så det var visst mange som alltid måtte ha ei flaska br.-vin på huset. – Og nafta og kamferdråpar hadde dei ståande i skåpet; det fekk dei på apoteket i mi ungdoms-og barndoms-) tid.
Ja, litt brennevin var brukt for 70–80 år sidan ~~til~~ som smertestillande medisiner ved fødsel, eller for „etterverk" seier mi kjelde, fru Nille Lie. – Ja, det var i mi ungdomstid ei kvinn i „Habn" = Skudeneshavn, som kokte plaster som ho hjelpte folk med, dei som hadde svull eller sår. Plasteret („Plosteret") kalla folk „Ingeborg Gunnarsta-ploster", etter henne som laga det. – Og ein av doktorane her sa at dei godt kunne bruka det plaster. – Han let vel over det plasteret som ein annan, – Johan Sandbakken – laga og, han ætta frå våre bygder, men budde på Ådland i Åkra sokn.

15733

Dei koka te av røllikk, og drakk den. — Karve henta dei på marka og drakk teen istf. mjølk eller kaffi. —

4. Det var kanskje helst det, når det galdt br.vin, men ikkje v. nafta og kamferdråpar. —

5. Låna av ein granne ja, - men av presten og jordmora ?; det trur eg knapt! —

6. ? — Hadde pesten fått eit sår - ein stad der det var vanskeleg å binde kluten, - filla - på, så smurde ein gjerne tjøra på, - vel helst for fluga.

7. Det kjenner eg ikkje til, ikkje namnet eingong.

8. Namnet har eg høyrt, men veit ikkje meir en namnet. - Ikkje Ville Lie heller.

9. ?  10. I skap, kister.

12. Om giktringar har eg nok svara lite grann før. — Her litt meir, som eg nå har fått (idag) av fru Ville Lie.

~~Ho~~ fortel frå 1880-åra at det var mange som som bruka ringar i øyrene, ikkje berre for gikt, ~~og~~ for „stien", ~~[illegible]~~ ein sjukdom på augne-kvarmane: raude kvarmar og /eller/ blemer på kvarmane. Ringane måtte vera av godt

15733

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

gamalt gull. – Ho sjølv brukte slike i unge år. For å få hol i øyra brukte far ein syl, la ei rå potet bakom og stakk hol.

13. Muntleg.

14. Ja, noen få har her vore!

[I neste brev kan eg fortelja litt om dei „kloke" kvaksalvarane, det eg veit.]

15. Under nr. 3 her kom ikkje det med, at dei koka brunt sukker saman med lakris for forkjøling. Seinare også solbærsaft, tjukk ublanda solbærsaft. –

Brunt sukker ɔ: kandissukker.

Didrik Mjølhus,
f. 1882.

15733

DIDRIK MJØLHUS
Sandve
Karmøy

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING